

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 17.01.2017  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Carina Paulsen Mæland  
**SAKA GJELD:** **Orientering om regionalt prosjekt - registrering av tvang innan psykisk helsevern**

**ARKIVSAK:** 2014/943  
**STYRESAK:** 003/17

**STYREMØTE:** **02.02. 2017**

### Administrerende direktør si orientering pkt. 4

---

Saka gjer greie for arbeidet med å sikre felles rutinar for registrering av bruk av tvang innan psykisk helsevern i Helse Vest.

#### Fakta

Helse Vest etablerte i april 2015 eit regionalt prosjekt for å sikre lik og rett registrering av tvang «Sikre felles rutiner for registrering av bruk av tvang». Prosjektet er leia av Helse Vest RHF, med to deltakarar frå kvart av helseføretaka, ein med fagkompetanse og ein med registreringskompetanse.

#### Mandatet for prosjektet er:

- Gi ein beskriving av dagens registreringspraksis, og særlege utfordringar med registrering av bruk av tvang
- Utarbeide felles rutinar for registrering av bruk av tvang
- Vurdere om særlege tiltak må bli sette i verk for å imøtekomme dagens krav til rapportering og registrering av bruk av tvang.

#### Kommentarar

Helseføretaka i Helse Vest har i mange år arbeidd systematisk med tiltak for å betre rapporteringa og registreringa av bruk av tvang. Likevel fann prosjektgruppa ei rekkje utfordringar som kvar for seg, og til saman bidrar til dårleg datakvalitet. Eksempelvis ulik forståing av definisjonar, juridisk grunnlag, utfordringar knytt til sjølve rapporten og meldingsformat i NPR, uhensiktsmessige løysingar i journalsystem, og registrering av same informasjon i fleire system og til ulike formål (papirprotokollane og i DIPS).

Registrering og rapportering om innleggingar på tvang har betra seg dei siste åra, og NPR reknar med at datagrunnlaget er tilstrekkeleg komplett til å følgje med på tal på tvangsinnleggingar i tenestene. Datakvaliteten på bruk av tvangsmidlar i institusjon er framleis usikker.

### **Status per 3.1.2017:**

Prosjektgruppa har hatt fem møte, to av desse på video. Kontakt mellom møtetidspunkta har vore per e-post, telefon og lync-møte. Prosjektgruppa har identifisert og jobba med seks ulike innsatsområde.

#### **1. Registrering av tvang etter kap. 4 i psykisk helsevernlova**

Rutinar for registrering etter kap. 4 (gjennomføring av psykisk helsevern), med unntak av § 4-8 (tvangsmiddel), er godkjent i regionalt fagforum og skal bli lagt inn i kvalitetssystema til helseføretaka. Rutinar om registrering av bruk av tvangsmiddel har det vore mykje diskusjonar rundt, og prosjektgruppa måtte ta ein ekstra runde for å sikra rett og lik forståing. Regionale rutiner om bruk av tvangsmiddel er no i slutfasen, og skal etter planen vere ferdig og tatt i bruk i helseføretaka i løpet av februar 2017.

Innsatsområde 1. blir avslutta 20.2.2017.

#### **2. Registrering av innleggingar**

Arbeidsgruppa har utarbeidd felles rutinar for registrering av innleggingar, til saman seks rutinar. Rutinane er implementert i helseføretaka hausten 2016.

Innsatsområde 2. blei avslutta 1.9.2016.

#### **3. Elektroniske protokollar**

For å unngå dobbelt- og feilregistrering har helseføretaka og Helsedirektoratet i lang tid hatt eit ønske om å innføre elektroniske protokollar. Journalsystemet DIPS Classic er ikkje godt nok for å registrere bruk av tvangsmiddel. DIPS Arena, som no utviklar komplett tvangsmodul, skal sikre at all data om tvang blir registrert elektronisk. Helse Vest skal vere pilot, og piloten skulle i følge DIPS Arena bli lansert i oktober 2016. Piloten er no utsett til 2018. Utsettinga medfører forseinkingar for når helseføretaka kan ta i bruk elektronisk registrering. Prosjektgruppa er svært bekymra for utsettinga. Prosjektgruppa vil vidare drøfte kva helseføretaka må gjere for å sikre at komplette og kvalitetssikra data blir levert til NPR (Norsk Pasient Register) inntil ein har ei elektroniske løysing.

Innsatsområde 3. kan ikkje bli avslutta før ein har sikra seg at helseføretaka leverar rett talgrunnlag til NPR. Prosjektgruppa vil komme med forslag til tiltak innan 1. mars 2017.

#### **4. Publisere tal i styringsportal**

Det er eit leiaransvar å følgje med på at bruken av tvang skjer etter lova. Dokumentasjon om bruk av tvang er viktig for å følgje med på om tvangsbruken går i riktig retning. Helse Vest ønskjer at helseføretaka skal bruke tala i styringsportalen for læring, styring og samanlikning med kvarandre. NPR publiserer per i dag tal for bruk av tvang, men berre tertialvis og på HF-nivå. Analyseavdelinga i Helse Vest jobbar med publisering av tal på postnivå, og for kvar månad. Nasjonale kvalitetsindikatorar blir publisert i fyrste omgang. Tal på bruk av tvang i kap. 4 vil bli publisert når felles rutinar for registrering er innført.

Innsatsområde 4. har tatt noko lengre tid enn planlagd, og er planlagd ferdigstilt 1.5.2017.

## **5. Uttrekk til NPR**

Helseføretaka er pålagt å registrere opplysningar til NPR. Helse Stavanger har frå 2010 hatt gode rutinar for å kontrollere data i DIPS. Helse Bergen har i 2016 innført same kontrollrutine, og det er ønskje om at Helse Førde og Helse Fonna innfører dei same rutinane. Helseføretaka har allereie sikra at same datauttrekk blir nytta ved kontroll av NPR-data.

Innsatsområde 5. blir avslutta 1.3.2017.

## **6. Kontrollkommisjonane**

Fylkesmannen har ansvar for oppnemning av kontrollkommisjonane. Helse Vest har faste møtepunkt med Fylkesmannen. Innføring av elektroniske protokollar i helseføretaka, og samarbeid om felles rutinar blir tatt opp i samarbeidsmøte.

Innsatsområde 6. blei avslutta våren 2016.

## **Kompetanse i lovforståing**

Prosjektgruppa avdekte ulik lovforståing og praktisering av lovverket. For å sikre felles forståing og lik praksis i regionen, har prosjektgruppa hatt ønskje om felles kompetanseheving i psykisk helsevernlova i regionen. Helse Bergen har sendt inn forslag til Helse Vest om kompetansehevingsprogram, og kan ta på seg oppgåva. Prosjektgruppa er positiv til kompetansehevingsprogrammet. I tillegg blir det no utvikla eit regionalt e-læringskurs i Lov om psykisk helsevern. Prosjektgruppa anbefaler at kurset blir obligatorisk.

## **Konklusjon**

Prosjektet «Sikre felles rutinar for registrering av bruk av tvang» har kome langt i å sikre lik forståing og lik registrering av bruk av tvang i helseføretaka. Ein har starta med å sikre felles rutinar av innleggingsprosessen. Det blir no jobba med felles rutinar for registrering i kap. 4.

Prosjektet skulle bli avslutta 31.12. 2016. Prosjektgruppa ser at nokon av innsatsområda har tatt lengre tid, og at prosjektet bør bli vidareført, før det endelig blir avslutta 1.5.2017. Når prosjektet er avslutta, må arbeidet med registrering og kompetanseheving fortsatt halde fram. Prosjektgruppa vil kome med forslag til korleis ein skal sikre vidare regionalt samarbeid.